



## Ordføraren sitt hjørne – juni 2015

«Det heldt seg kaldt» var det ein som sa ein juledag med 25 minus. Så gale er det ikkje, men den seine og kalde våren har vore mykje omprata dei siste vekene. Sommaren let vente på seg.

Kommunestyret skal i neste møte ta opp mange viktige saker. Som vanleg i junimøtet står årsmelding og rekneskap for året som har gått på saklista. Det er ei fyldig årsmelding rådmannen legg fram, og det er eit godt resultat. Det er eit mindre forbruk på 5,2 millionar som blir sett av til disposisjonsfondet, som då er på 26 millionar. Det er viktig å ha eit disposisjonsfond for å sikre likviditeten og ha ein buffer for framtidige svingningar.

Årsmeldinga fortel om god økonomistyring, og gode medarbeidarar som leverer svært gode tenester. Kan her nemne at Kommunerevisjonen har gjort ein forvaltningsrevisjon for 4 sjukeheimar i Hallingdal og Valdres. Det var svært triveleg lesning. Bygdaheimen vår kom klart best ut, med gode system og gode rutinar. Det var ingen merknad i det heile. Slike tilbakemeldingar er det moro å få, og det understrekar at me har dyktige medarbeidarar.

Rådmannen avsluttar kommentaren sin på denne måten: « Det er og grunn til å framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen sin tenesteyting saman med frivillig arbeid er viktig for bulyst i bygda». Dette trur eg rådmannen har heilt rett i.

Folketalet i Hemsedal stig jamt og trutt, talet på nye arbeidsplassar stig ikkje like mykje. Folk vel å bu i Hemsedal og pendlar til arbeid utanfor kommunen. Dette har auka på dei siste åra. Å vera bustadkommune er greitt nok det, men me står endå sterkare med ein betre tilfang på arbeidsplassar. Dette er utfordringa framover.

Alle prognosar for folketalutvikling seier at me skal vera 3500 hemsedøler om 25 år. Dette er litt over ein auke på 40 i året. Veksten dei siste åra har vore sterkare enn det, men det er for lett vint å tru at dette varar ved utan at me treng å gjera noko som helst. Eit frodig, variert og skapande næringsliv er målet. Det gjeld å ta vare på det me har og så ta steg for steg på det som er mogleg å få til.

Me har godt breiband til bygda, og me har ein næringshage/eit veksthus som me bør utvikle vidare. Det må vera plass til alle med kreative idear.

Eigne arbeidsplassar i bygda er nødvendig, det same er eigna bustadtomter. 1000 – 1200 nye innbyggjarar krev 400 nye bueiningar. Kommuneplanen har reservert areal til snautt halvparten av dette. Rullering av kommuneplanen startar etter valet til hausten. Der vert sikring av tilstrekkeleg og rett plassert bustadareal ein viktig del av jobben. Me har fram til i dag hatt som mål å ha bustadtomter, og liv og røre i alle 3 sentra i kommunen. Me har no bra med ledige tomter på Ulsåk og Trøym, men tilbodet på Tuv er for dårleg. Hustadhagen er godkjent i kommuneplanen med rundt 70 tomter. Det er antakeleg eit dyrt felt å bygge ut, grunna avstand til Tuv sentrum og lange leidningar for VA. Eg trur likevel dette vil bli populære tomter når dei kjem ut for sal. Endring i berekningar for flaumsone ned på Tuv gjer at me antakeleg kan få utnytta området der med nokre tomter, kanskje 10- 12 tomter. Avklaring med sikringssone for ny vasskjelde må avklarast fyrst.

Det er mykje som må skje i Hemsedal framover, både på kort og lang sikt. Kommunen må vera aktiv på det som er våre gjeremål, og me treng å gå i to-spenn med eit aktivt næringsliv. Greier me det kan dei optimistiske prognosane bli verkelege.

Det er kommuneval til hausten. Kommunestyret har no ei sak om politisk organisering. Skal me endre organiseringa, så må endringane vedtakast no. «Me må vitalisere kommunestyret», er ein setning som går att. Samstundes må me legge opp til at sakene går så fort gjennom systemet som mogleg. Det er brukaren/innbyggjaren som heile tida må vera i fokus. Kva er politikk, og kva kan me delegera til administrasjonen, for å få til dette på best mogleg måte? Politisk organisering åleine løyser ikkje dette, men god organisering er ein styrke. Det er 2 framlegg i saka, viktigaste forskjellen er om me treng eit eige hovudutval for Livløp (skule, barnehage og kultur) eller ikkje. Torsdag i neste veke veit me kva kommunestyret landar på.

Siste kommunestyremøte før valet blir torsdag 10. september. Det nye kommunestyret blir konstituert torsdag 15. oktober.

Med von om at varmen kjem. God sommar!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører